



Hopp- og kombinertkomiteen@

Sakshand.: JIÅ/ KD

Dato: 12.09.2022

Arkivk.: hkk/møter/protokoll/21-23

## PROTOKOLL TIL MØTE NR. 05 I HOPP- OG KOMB. KOMITEEN, 2021-2023

**Stad:** Digitalt møte (Microsoft Teams)  
**Tidspunkt:** Måndag 12. september, kl. 20.00-21.00

### Sakliste

#### REFERATSAKER

**SAK 24 21-23** Godkjenning av innkalling og sakliste  
**SAK 25 21-23** Godkjenning av referat frå Vår møte 2022

#### RAPPORTERING

**SAK 26 21-23** Rekneskapsrapport pr. 22.08.2022

#### DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

**SAK 27 21-23** 100 års jubileum  
**SAK 28 21-23** Skiklubbutviklar  
**SAK 29 21-23** Terminlista 2022-2023  
**SAK 30 21-23** Haustmøtet Sogn og Fjordane Skikrins  
**SAK 31 21-23** Haustmøtet NSF  
**SAK 32 21-23** Handlingsplan 2021-2023

#### EVENTUELT

---

**TIL STADES:** Jan Inge Årdal, Jon Ove Lomheim, Rune Rebni Pedersen, Lars Brekke, Kennet Dvergedal (adm.), og Melanie Hetkamp-Andersen (skiklubbutviklar)

**FORFALL:** Johnny Seljeset

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Kennet Dvergedal

---

#### REFERATSAKER

**SAK 24 21-23** Godkjenning av innkalling og sakliste  
**Bakgrunn**  
Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

#### VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenn innkalling og sakliste.

**SAK 25 19-21**

**Godkjenning av referat frå Vår møtet 2022**

**Bakgrunn**

Vedlagt er referat frå Vår møtet 2022 hopp- og kombinertkomiteen.

**VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenn referat frå Vår møte 2022.

**RAPPORTERINGSSAKER**

**SAK 26 21-23**

**Rekneskapsrapport pr. 22.08.2022**

**Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 22.08.2022 er lagt ved som eige vedlegg.

Rapporten vart presantert og gjennomgått i møtet.

**VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen tek rekneskapsrapporten til orientering. Adm. følger opp kostnader og inntekter knytt til innkjøp av hopp ski, og reviderar budsjettet til neste møte.

**DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**

**SAK 27 21-23**

**100 års jubileum**

**Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins fyller 100 år 2023. Skikrinsstyret har oppretta ein komite som jobbar med jubileet, og ber greinkomiteane kome med innspel til jubileumsarrangement.

Hopp- og kombinertkomiteen drøfta saka i møtet.

**VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om å prioritera rekrutteringsarbeid i skikrinsen. Forslag til arrangement kan vere hopprenn på Vikafjellet.

**SAK 28 21-23**

**Skiklubbutviklar**

**Bakgrunn**

Melanie er i gong som skiklubbutviklar. Hopp- og kombinertkomiteen bør drøfte korleis ein kan nytte skiklubbutviklar som ressurs, spesielt med tanke på rekruttering.

**VEDTAK**

Hopp og kombinertkomiteen ønskjer at skiklubbutviklar reiser rundt i anlegg og driv hoppleik med fokus på rekruttering av både ungar og foreldre. Forslag er å halde informasjonskveld saman med ein aktivitetsdag i klubb. Melanie ønskjer innspel på nokre klubbar som ho kan prioritere i starten. Tek med hopp ski i anlegget, mogleg å låne ut? Bruke utøvarar frå Skikrinsen som er på nasjonalt nivå til inspirasjon og hjelp (Anders Fannemel, Johannes Årdal, Torje Seljeset).

HKK medlemmar bidreg der det er nødvendig.

### **SAK 29 21-23**

#### **Terminlista 2022-2023**

##### **Bakgrunn**

Hopp- og kombinertkomiteen drøfta rammene for terminliste 2022-2023.

##### **VEDTAK**

Punkt som var drøfta i møtet:

- KM i lag med Hordaland
- Rekrutteringsrenn

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om at terminlisteansvarleg følger opp og lagar eit utkast til terminliste som vert presentert på Haustmøte.

### **SAK 30 21-23**

#### **Haustmøtet Sogn og Fjordane Skikrins**

##### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Haustmøtet 2022 skal avviklast 5. november på Idrettens Møteplass Sandane.

Rammeprogram:

- |                  |   |
|------------------|---|
| Kl. 10.00:       | Felles foredrag                         |
| Kl. 12.00:       | Lunsj                                   |
| Kl. 13.00-16.00: | Haustmøte for Sogn og Fjordane skikrins |

Parallelt med Idrettens Møteplass vert det avvikla ei treningssamling for utøvarar i aldersgruppa 12-19 år med basisøker på tvers av idrettar.

Sakliste HKK Haustmøte 2021:

- Orientering frå Høstmøtet i NSF
- Rekrutteringsarbeid i klubbane
- Aktivitetsplan 2021-2022
- Terminliste 2021-2022
- Handlingsplan 2021-2023
- Status anleggsprosessar og vegen vidare

##### **VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste til Haustmøte 2022:

- Orientering frå Høstmøtet i NSF
- Rekrutteringsarbeid i klubbane
- Aktivitetsplan 2022-2023
- Terminliste 2022-2023
- Status anleggsprosessar og vegen vidare

### **SAK 31 21-23**

#### **Haustmøtet NSF**

##### **Bakgrunn**

Norges Skiforbundet sitt Haustmøte 2022 er planlagt 14.-16. Oktober 2022 på Scandic Helsfyr, Oslo.

<https://www.skiforbundet.no/norges-skiforbund/moter-og-samlinger/hostmote2022/>



### **VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om å sende 2 representantar, forslag i møtet var at Jan Inge stiller til fagmøte hopp og Johnny stiller til fagmøte kombinert.

### **SAK 32 21-23**

#### **Handlingsplan 2021-2023**

##### **Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan for 2021-2023 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2021.

I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta Hopp- og kombinertkomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen ligg vedlagt.

##### **Framlegg til VEDTAK**

Hopp og kombinertkomiteen gjer vedtak om å følgje opp punkt i handlingsplanen vidare.

### **EVENTUELT**

**Neste møte i HKK:** Måndag 31. Oktober kl. 20.00-20.30 på Teams

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Jan Inge Årdal (s)  
Leiar HKK

Kennet Dvergedal (s)  
Referent